

EMILY
BRONTË




STORMFULLE
HØGDER

EMILY BRONTË

STORMFULLE HØGDER

FRÅ ENGELSK VED
RAGNAR HOVLAND OG ØYSTEIN VIDNES



SKALD 2019

ANDRE BØKER I SERIEN:

FRANZ KAFKA: *Forvandlinga og andre forteljingar* (2016)
MARY SHELLEY: *Frankenstein, eller den moderne Prometeus* (2016)
JAMES JOYCE: *Dei døde* (2017)
GUSTAVE FLAUBERT: *Madame Bovary* (2017)
ROBERT MUSIL: *Tre kvinner* (2017)
SAMUEL BECKETT: *Fyrste kjærleik og annan kortare prosa* (2018)
GEORG BÜCHNER: *Lenz* (2018)
STEFAN ZWEIG: *Sjakknovelle og andre tekstar* (2019)
JOHANN WOLFGANG VON GOETHE: *Valskyldskapane* (2019)

Skrifttypene i denne boka – Skald antikva, Skald kursiv og Skald grotesk – er utvikla spesielt for SKALDs klassikarar av skriftdesignaren Stefan Ellmer. Dei er ei indirekte omsetjing av dei ikoniske skrifttypene Nicolas Jenson utvikla i Venezia rundt 1470, med inspirasjon frå den britiske og amerikanske rørsla av uavhengige forlag som tidleg på 1900-talet utvikla sine egne versjonar av desse gamle skrifttypene. Målet med skrifttypen Skald er å presentere dei nye omsetjingane i SKALDs serie på ein klar, unostalgisk, open og inviterande måte, men likevel med særpreg.

Støtta av Norsk kulturfond.
Boka er innkjøpt av Norsk kulturfond.



NORSK
KULTURFOND
Kulturrådet

ORIGINALTITTEL: *Wuthering Heights* (1847)

TEKST: Emily Jane Brontë

OMSETJARAR: Ragnar Hovland (MNO) & Øystein Vidnes (MNO)

SERIEDESIGN: Andreas Töpfer & Øystein Vidnes · SATS: Øystein Vidnes

ILLUSTRASJON: Andreas Töpfer

FONTAR: Skald antikva, Skald kursiv og Skald grotesk, av Stefan Ellmer

PAPIR: Munken Print Cream 1.8, 90 g

TRYKK OG INNBINDING: Livonia Print

© SKALD 2019 · www.skald.no

ISBN 978-82-7959-277-8



9 788279 592778

CATHY BLEI VERANDE på Thrushcross Grange i fem veker, fram til jul. På den tid var ankelen hennar heilt fin att, og manerane hennar var blitt mykje betre. Frua besøkte henne ofte i denne tida, og sette i verk planen sin om forbetring ved å prøve å auke sjølvrespekten hennar med fine klede og smiger, som ho tok villig imot. Så i staden for ei styrlaus og hattelaus lita villjente som kom hoppande inn i huset og styrta til for å klemme oss alle så vi mista pusten, var det ein svært verdig person som kom ned frå ein vakker, svart ponni, ho hadde brune krøllar som fall ned frå ein fjørprydd hatt, og ei lang ridekåpe som ho var nøydd til å halde oppe med begge hender slik at ho kunne segle inn.

Hindley løfta henne ned frå hesten og sa begeistra:

«Men Cathy, du er jo så pen! Eg ville nesten ikkje kjent deg att – no ser du jo ut som ei lady – Isabella Linton kan ikkje måle seg med henne, er du ikkje einig, Frances?»

«Isabella har ikkje hennar naturlege fordelar», svarte kona hans, «men ho må passe seg så ho ikkje blir vill att når ho er her. Ellen, hjelp miss Catherine med

bagasjen – stå roleg, kjære deg, krøllane dine kjem til å bli bustete – la meg knyte opp hattesnora.»

Eg tok av henne kåpa, og under skein ein flott skotskru-tete silkekjole, kvite bukser og blankpussa skor. Og endå om auga hennar lyste av glede då hundane kom byksande for å ønskje henne velkommen, våga ho knapt å røre dei, i tilfelle dei skulle vere altfor vennlege mot dei flotte kleda.

Ho kyssa meg lett – eg var full av mjøl frå julekaka eg heldt på å lage, og det ville ikkje vore lurt å omfamne meg – og så såg ho seg rundt etter Heathcliff. Herr og fru Earnshaw såg engsteleg på møtet deira med håp om at dei eit stykke på veg kunne sjå kva grunnlag dei hadde for å lykkast i å skilje dei to vennene.

Heathcliff var vanskeleg å få auge på først – om han hadde vore uvorden og ustelt før Catherine drog sin veg, hadde han vore det ti gonger meir sidan.

Ingen utanom eg var eingong vennlege nok til å kalle han ein skiten gut og be han vaske seg ein gong i veka, og ungar på hans alder finn sjeldan glede i vatn og såpe. Derfor var overflata på ansiktet og hendene hans sør-gjeleg mørklagde, for ikkje å nemne kleda, som hadde gjort teneste i tre månader i søle og skit, og det tjukke, ukjemte håret. Han kunne ha god grunn til å stå på lur bak trebenken når han såg ei slik strålande og yndig frøken komme inn i huset, i staden for eit ustelt motstykke til seg sjølv, slik han hadde venta.

«Er ikkje Heathcliff her?» spurde ho og tok av seg hanskane og viste fram fingrar som hadde blitt herleg kvite av å ikkje gjere noko som helst og halde seg innandørs.

«Heathcliff, du kan komme fram», ropte Mr. Hindley, som naut kor uvel han verka, og var nøgd med å sjå kva slags fråstøytande ung slusk han var nøydd til å presentere seg som.

«Du kan komme og ønskje miss Catherine velkom-men, som dei andre tenarane.»

Cathy, som fekk eit glimt av den gøynde vennen sin, sprang for å omfamne han; ho gav han sju eller åtte kyss på kinnet i løpet av eit sekund, og så stoppa ho, og idet ho tok eit steg tilbake, brast ho ut i latter og sa:

«Men så svart og sur du ser ut! Og så – så rar og stygg! Men det er fordi eg er vand til Edgar og Isabella Linton. No, Heathcliff, har du gløymt meg?»

Ho hadde ein viss grunn til å stille spørsmålet, for skam og byrgskap kasta ein dobbel skugge over ansiktet hans og fekk han til å stå urørleg.

«Ta henne i handa, Heathcliff», sa Mr. Earnshaw nedlatande, «for ein gongs skuld får du lov.»

«Det gjer eg ikkje!» svarte guten, som endeleg fann att talens bruk. «Eg skal ikkje stå her og bli ledd av, det finn eg meg ikkje i!»

Og han ville ha brote ut av krinsen, men Miss Cathy greip tak i han igjen.

«Eg meinte ikkje å le av deg», sa ho. «Eg klarte berre ikkje å halde meg. Heathcliff, ta meg endeleg i handa! Kva er det du er sur for? Det var berre det at du såg så rar ut. Viss du vaskar deg i ansiktet og kjemmer håret, så blir alt i orden. Men du er så skiten!»

Ho stirte uroleg på dei mørke fingrane ho heldt mellom sine og også på kleda sine, som ho frykta ikkje hadde hatt nokon fordel av kontakten med hans.

«Du hadde ikkje trunge å røre meg!» svarte han mens han følgde blikket hennar og reiv til seg handa. «Eg kan vere akkurat så skiten som eg har lyst til, eg liker å vere skiten, og eg vil vere skiten.»

Og med det styrta han med hovudet først ut av rommet, til forlysting for herren og frua, og til alvorleg bekymring for Cathy, som ikkje kunne forstå korleis orda hennar kunne ha skapt eit slikt utbrot av dårleg humør.

Etter å ha spelt kammerjente for nykomlingen og sett kakene i omnen og gjort huset og kjøkkenet hyggeleg med mykje peiseld som passa til julekvelden, gjorde eg meg klar for å setje meg ned og more meg med å syngje julesongar, heilt aleine, utan å bry meg om at Joseph hevda at dei lystige songane eg valde, låg nær opptil revyviser.

Han hadde trekt seg tilbake til privat bøn på kammeret sitt, og Mr. og Mrs. Earnshaw gjorde krav på frøkna si merksemd med ymse morosame småting som var kjøpte inn for at ho skulle gi dei til dei små Lintonane, som takk for gjestfridommen.

Dei hadde invitert dei til å komme til Wuthering Heights juledagen, og invitasjonen var blitt tatt vel imot, på eitt vilkår: Fru Linton bad om at dei kjære små skulle haldast på god avstand frå den «slemme guten som bannar slik».

Under desse omstenda heldt eg meg for meg sjølv. Eg kjende den gode lukta av oppvarma krydder og gledde meg

over dei skinande kjøkkengjenstandane, den nypussa klokka, dekt av kristtorn, sølvmuggene som stod oppstilte på eit brett, klare til å bli fylte med varmt krydderøl til kvelds, og framfor alt den plettfriske reinleiken til det som var mitt spesielle ansvarsområde – det nyskura og feia golvet.

Eg gav tilbørleg indre applaus til kvar ting, og så kom eg til å hugse på korleis gamle Earnshaw brukte å komme inn når alt var gjort reint, og kalle meg ei grepa jente og leggje ein shilling i handa mi som eit julegratiale. Derfrå gjekk eg vidare til å tenkje på kor glad han var i Heathcliff, og kor redd han var for at guten skulle bli forsømd når han sjølv var død, og det fekk meg naturleg nok til å tenkje på situasjonen til den stakkars guten no, og frå song gjekk eg over i gråt. Men det slo meg at det ville vere meir fornuftig å gjere godt att noko av det galne enn å felle tårer over det – eg reiste meg og gjekk ut på gardsplassen for å leite etter han.

Han var ikkje langt borte. Eg fann han der han dreiv og glatta på den glinsande huda til den nye ponnien i stallen og mate andre dyr, slik han brukte.

«Skund deg, Heathcliff!» sa eg. «Kjøkkenet er så koseleg – og Joseph er oppe; skund deg og la meg kle deg fint før miss Cathy kjem ut – og så kan de sitje saman, med heile grua for dykk sjølve, og ha ein lang prat heilt til sengetid.»

Han heldt fram med arbeidet sitt og vende ikkje eingong ansiktet mot meg.

«Kom – kjem du?» heldt eg fram. «Det er litt kake til dykk begge to, nesten nok, og du vil trenge ein halvtime på å fli deg.»

Eg venta i fem minutt, men då eg ikkje fekk noko svar, gjekk eg frå han ... Catherine åt kvelds saman med broren og svigerinna. Joseph og eg sette oss saman til eit uselskapleg måltid, krydra med kritikk på den eine sida og frekkheit på den andre. Kaka og osten hans blei verande på tallerken natta igjennom, til alvane. Han klarte å arbeide fram til klokka ni, og så marsjerte han mållaus og gretten til kammerset sitt.

Cathy blei sitjande lenge oppe, ho hadde ei mengd ting å bestille til mottakinga av dei nye vennene sine. Ein gong kom ho inn på kjøkkenet for å snakke med den gamle vennen sin, men han hadde gått, og ho blei berre verande for å spørje kva som var i veggen med han før ho gjekk tilbake.

Om morgonen stod han tidleg opp, og sidan det var helgedag, tok han med seg det dårlege humøret sitt ut på heia, og dukka ikkje opp att før familien hadde dratt til kyrkja. Faste og tenking såg ut til å ha fått han i betre humør. Han hang rundt meg ei stund, og då han hadde fått skrudd opp motet sitt, sa han brått:

«Nelly, gjer meg anstendig. Eg skal vere snill.»

«På høg tid, Heathcliff», sa eg, «du *har* gjort Catherine trist. Ho er lei seg for at ho i det heile kom heim, vil eg påstå! Det verkar som du misunnte henne fordi ho blir lagd meir merke til enn du.»

Førestillinga om å *misunne* Catherine var uforståeleg for han, men førestillinga om å gjere henne trist, forstod han utan vanskar.

«Sa ho at ho var trist?» spurde han og såg svært alvorleg ut.

«Ho gret då eg fortalde henne at du hadde gått igjen i dag tidleg.»

«Vel, eg gret i går kveld», svarte han, «og eg hadde større grunn til å gråte enn ho.»

«Ja, du hadde den grunnen at du gjekk til sengs med stolt hjarte og tom mage», sa eg. «Stolte menneske får sine egne sorger til å spire. Men dersom du skjemmest over at du er så hårsår, må du be om orsaking, hugs på det når ho kjem inn. Du må gå bort og tilby henne eit kyss og seie – du veit sjølv best kva du skal seie – men berre gjer det hjarteleg og ikkje som om du tenkjer ho er forvandla til ein framand på grunn av dei fine kleda. Og no, sjølv om eg har ein middag eg skal førebu, skal eg stele tid til å ordne deg slik at Edgar Linton kjem til å sjå ut som ei dokke ved sida av deg. Og det gjer han. Du er yngre, og likevel, det er eg viss på, er du høgare og dobbelt så brei over akslene – du kunne slå han ned på eit blunk. Kjenner du ikkje på deg at du kunne det?»

Ansiktet til Heathcliff lysna ein augneblink; så skya det over på ny, og han sukka.

«Men Nelly, om eg no slo han ned tjue gonger, så ville ikkje det gjere han mindre pen eller meg meir. Eg skulle ønskje eg hadde lyst hår og lys hud og var like fint kledd og hadde like fine manerar og hadde ein sjanse til å bli så rik som han kjem til å bli!»

«Og ropte på mamma heile tida», la eg til, «og skalv dersom ein landsens gut løfta neven mot deg, og sat heime heile dagen om det kom ei regnbye. Å, Heathcliff, det er ikkje mykje mot i deg. Kom bort til spegelen, så skal eg

vise deg kva du burde ønskje. Ser du dei to linjene mellom auga dine og dei tjukke bryna, som i staden for å gjere ein boge, går ned på midten, og dei to svarte djevlane der, så djupt inne, som aldri opnar vindauga sine på vidt gap, men ligg på lur og glitrar som djevelens spionar? Ønsk og lær å glatte vekk dei sure rynkene, løft augneloka freidig og forandre djevlane til tillitsfulle, uskulde englar som verken mistenkjer eller tviler på noko, og som alltid søker venner der dei ikkje trur det finst fiendar. Ikkje få same uttrykk som ein vondskapsfull kjøter som ser ut til å vite at han fortener sparka han får, og likevel hatar han heile verda, og den som sparkar, for det han må lide.»

«Med andre ord må eg ønskje meg Edgar Lintons store, blå auge og glatte panne», svarte han. «Eg gjer det – og det vil ikkje hjelpe meg til å få dei.»

«Eit godt hjarte vil hjelpe deg til eit vakkert ansikt, guten min», heldt eg fram, «om du så verkeleg var svart, og eit vondt vil forvandle det vakraste til noko verre enn stygt. Og no når vi har gjort unna vasking og kjemming og furting – fortel meg så om du ikkje synest du er ganske pen? Eg kan fortelje deg at det gjer eg. Du ser ut som ein forkledd prins. Kven veit om ikkje far din var keisar av Kina og mor di ei indisk prinsesse, kvar av dei i stand til å kjøpe både Wuthering Heights og Thrushcross Grange for ei veks inntekt? Og kanskje du blei kidnappa av vonde sjøfolk og ført til England. Dersom eg var i din stad, ville eg finne opp ei flott historie om fødselen min, og tanken på kva eg var, skulle gi meg mot og verdigheit til å halde ut undertrykkinga frå ein liten bonde!»

Eg skravla vidare på same viset, og Heathcliff mista etter kvart den sure mina si og begynte å sjå ganske hyggeleg ut, då samtalen vår brått blei avbroten av ein tornande lyd opp etter vegen og inn på gardsplassen. Han sprang bort til vindauget og eg til døra, nett tidsnok til å sjå dei to Lintonane stige ut av familievogna, innhylla i kåper og pels, og Earnshawane stige ned frå hestane sine – dei rei ofte til kyrkje om vinteren. Catherine tok hand om begge ungane og leidde dei inn i huset og plasserte dei framfor peisen, som snart fekk farge i dei kvite ansikta deira.

Eg oppmuntra Heathcliff til å skunde seg no og vise det gode humøret sitt, og han lydde villig, men den vonde lagnaden ville det slik at då han opna døra som førte ut frå kjøkkenet på den eine sida, opna Hindley henne på den andre. Dei møttest, og herren, som var irritert over å sjå han reinvaska og i godt lune, eller kanskje ihuga etter å halde lovnaden sin til Mrs. Linton, skubba han tilbake med eit brått dytt og kommanderte Joseph sint til å halde «fyren borte frå stova – send han opp på kvistrommet til middagen er over. Han kjem til å stikke fingrane ned i kakene og stele frukta om han blir åleine med dei ein einaste augneblink.»

«Nei, sir», klarte eg ikkje å la vere å svare, «han vil ikkje røre noko som helst, han må få sin del av godsakene akkurat som vi andre.»

«Han skal få sin del av handa mi dersom eg finn han nedunder før det blir mørkt», ropte Hindley. «Kom deg ut, din landstrykar! Så, du prøver deg som spradebasse,

kva? Vent til eg får tak i dei elegante lokkane – så skal vi sjå om eg ikkje kan klare å dra dei litt lengre!»

«Dei er lange nok alt», kommenterte unge Linton, som kikka inn gjennom dørgløyten, «eg lurar på kvifor dei ikkje gir han hovudverk. Det ser ut som han har ei hesteman over auga!»

Han våga seg til å seie dette utan tanke på å fornærme, men Heathcliffs oppfarande natur var ikkje førebudd på å tole den tilsynelatande frekkheita frå ein som han såg ut til å hate, alt den gongen, som ein rival. Han greip tak i ei gryte med varm eplesaus, det første og beste han fekk tak i, og slengde innhaldet mot ansiktet og halsen til talaren – som straks sette i ein klagesong som fekk Isabella og Catherine til å komme styrande.

Mr. Earnshaw greip tak i kjeltringen på flekken og drog han med seg til rommet hans, der han utan tvil føreskreiv ein kraftig medisin for å kjøle ned raserianfallet, for han kom att raud og andpusten. Eg tok vaskekluten, og nokså vondskapsfullt skrubba eg nasen og munnen på Edgar og sa at det hadde han godt av for å ha blanda seg inn. Søstera hans begynte å gråte og ville heim, og Cathy stod der forvirra og raudna over alt saman.

«Du skulle ikkje ha snakka til han!» bebreida ho unge Linton. «Han var i dårleg lune, og no har du øydelagt besøket, og han kjem til å få juling – eg hatar at han får juling! Eg klarer ikkje å ete middag. Kvifor snakka du til han, Edgar?»

«Eg gjorde det ikkje», hulka den unge mannen og reiv seg laus frå hendene mine og gjorde frå seg resten

av reinsinga med batist-lommeduken sin. «Eg lova mamma at eg eg ikkje skulle seie eit ord til han, og det gjorde eg ikkje!»

«Så ikkje grin!» svarte Catherine forakteleg. «Du er ikkje død – ikkje lag meir bråk – bror min kjem – ver stille! Slutt no, Isabella, er det nokon som har skadd *deg*?»

«Så så, barn, gå og set dykk!» ropte Hindley, som kom inn i full fart. «Det gutebeistet har fått opp varmen i meg. Neste gong, unge Edgar, får du ta lova i eigne knyttnevar – det vil hjelpe på appetitten!»

Det vesle selskapet fekk tilbake sinnsroa ved synet av det angande festmåltidet. Dei var svoltne etter rideturen, og lette å trøyste, sidan dei ikkje hadde lide nokon verkeleg overlast.

Mr. Earnshaw skar opp rikeleg til å fylle tallerkane, og frua muntra dei opp med livleg snakk. Eg stod og venta bak stolen hennar, og det gjorde meg vondt å sjå korleis Catherine med tørre auge og ei likesæl mine begynne å skjere opp ei gåsevenge framfor seg.

Eit kjenslelaust barn, tenkte eg for meg sjølv, så lett ho skyv frå seg problema til den gamle leikekameraten sin. Eg ville aldri ha førestilt meg at ho var så egoistisk.

Ho løfta ein munnfull til leppene, men så la ho han ned att: Ho blei raud i kinna, og tårene strøymde nedover dei. Ho let gaffelen falle på golvet og dukka raskt ned under bordduken for å skjule kjenslene sine. Eg kalla henne ikkje kjenslelaus lenge, for eg oppfatta at ho var i skjærselden heile dagen og sleit seg ut med å finne ein sjanse til å vere åleine eller besøke Heathcliff, som hadde

blitt låst inne av herren, noko eg oppdaga då eg ville prøve å ta med til han eit privat måltid av matrestar.

Om kvelden var det dans. Cathy bad om at han måtte få sleppe ut då, sidan Isabella Linton ikkje hadde nokon partner; bønene hennar var fåfengde, og eg blei peika ut til å fylle tomrommet.

Vi kvitta oss med alt det dystre i gleda over å få røre på oss, og gleda blei endå større då Gimmerton-orkesteret kom. Det var femten av dei, ein trompet, ein trombone, klarinettar, fagottar, franske horn og ein viola da gamba, i tillegg til songarar. Dei drar rundt til alle respektable hus for donasjonar kvar jul, og vi syntest det var ein førsteklasses fornøyelse å høyre på dei.

Etter at dei vanlege julesongane var blitt sungne, fekk vi dei over på revysongar og underhaldningsmusikk. Mr. Earnshaw elska musikken, og dermed gav dei oss rikeleg.

Catherine elska han også, men ho sa at han høyrdest aller finast ut på toppen av trappa, så ho gjekk opp i mørket. Eg følgde etter. Dei lukka stovedøra nede, utan å merke at vi var borte, det var så fullt av folk. Ho stoppa ikkje ved enden av trappa, men gjekk vidare, til kvistrommet der Heathcliff var innestengd, og ropte på han. Han nekta sta å svare ei god stund – ho heldt fram og klarte endeleg å overtale han til å samtale med henne gjennom veggen.

Eg let stakkarane snakke saman uforstyrra, til eg tenkte meg at songen ville ta slutt og songarane ville få litt forfriskingar. Då klatra eg opp stigen for å åtvare henne.

I staden for å finne henne utanfor høyrde eg røysta hennar inne. Den vesle apekatten hadde krabba gjennom

takvindauget på eit kvistrom, langs taket og inn gjennom takvindauget i det andre, og det var berre så vidt eg klarte å lokke henne ut att.

Då ho endeleg kom, kom Heathcliff saman med henne, og ho insisterte på at eg skulle ta han med til kjøkkenet, då tenarkollegaen min hadde gått bort til ein nabo for å komme vekk frå vår «djevelens salmesong», som han ynda å kalle det.

Eg sa til dei at eg ikkje på noko vis ville oppmuntre strekane deira, men sidan fangen ikkje hadde fått noko å ete sidan gårsdagens middag, skulle eg lukke auga for at han lurte Mr. Hindley, denne eine gongen.

Han gjekk ned; eg sette han på ein stol ved elden og gav han eit utval av godsaker. Men han var uvel og klarte berre å ete litt, og forsøka mine på å underhalde han blei avviste. Han støtta olbogane på knea og haka i hendene og sat innhylla i stum meditasjon. På spørsmålet mitt om kva som var emnet for tankane hans, svarte han alvorleg:

«Eg prøver å finne ut korleis eg skal gjere gjengjeld mot Hindley. Eg håper han ikkje døyr før meg!»

«Skam deg, Heathcliff!» sa eg. «Det er opp til Gud å straffe vonde menneske; vi bør lære å tilgi.»

«Nei, Gud vil ikkje ha slik glede av det som eg vil», svarte han. «Eg skulle berre ønskje eg visste den beste måten! La meg vere åleine, så skal eg planleggje det. Mens eg tenkjer på det, kjenner eg inga smerte.»

Men Mr. Lockwood, eg gløymer at desse forteljingane ikkje er underhaldande for Dykk. Eg irriterer meg over at eg skulle finne på å skravle i veg så lenge, mens vellinga

Dykkar er blitt kald og De held på å sovne! Eg kunne ha fortalt historia om Heathcliff, alt De treng å høyre, med eit halvt dusin ord.

* * *